

Styreleders tale:

AT Skog SA – Årsmøte 2017.

Ordfører, årsmøte – gode skogeigerar og gode vener !

Velkommen igjen til eit spennande årsmøte. I år er vi på historisk grunn. Vi er på den gamle tomta til Union – eit av Norske Skog sine anlegg, som vart nedlagt i 2005/2006. Eg skal kome attende til nettopp dette, men fyrst ei kort oppsummering om AT Skog.

Skognæringa er i vekst – AT Skog er i vekst. Kva betyr dette for vårt oppdrag? Det er ikkje eit mål i seg sjølv å omsette størst mogleg kvantum gjennom skogeigarandelslaget. Vårt mål er å sikre avsetning og best mogleg verdi på det tømmeret vi som skogeigarar ønsker å levere. AT Skog er eit verktøy. Det er vårt oppdrag.

For å klare dette må vi vere gode. Og forutsigbare. Storleiken på det samla volumet vi kan tilby våre kundar, påvirkar den prisen vi kan oppnå, og at vi er interessante som leverandørar. Dette gjeld både innanlands, men i stor grad også ved eksport.

Det er derfor gledeleg å sjå at eit stadig større volum går gjennom AT Skog. Når eg sto her i årsmøtet i fjor, omtala eg 2015 som eit omstillingsår. No ser vi resultatata, 2016 vart eit rekordår. Vi omsette tett innpå 1 million kubikkmeter tømmer. Når vi i fellesskap samlar eit stort volum, så gir det alle ein fordel. Men minst like viktig er det at vi leverar det vi har avtalt; på tid, på volum og kvalitet.

Tømmermarkedet har endra seg mykje dei siste åra, mykje på grunn av nedleggelsen av norsk industri. Frå å stort sett kunne levere tømmer av fallande lengder til norske kjøperar, driv vi i dag ein spesialisert og krevande "skreddersøm". Mange ulike sortiment, faste lengder, presise leveranser på volum og tid for å fylle ein båt, kvantumsavtaler og prisavtaler. Dette har vore utfordrande for AT Skog, men eg meiner vi taklar dette bra. Vi har fått opp ein organisasjon, som har god kontroll på å styre produksjonen. Og vi oppnår gode økonomiske resultat. AT Skog er ikkje størst, men eg trur vi er ein av dei beste i klassa på å levere det vi lovar. Det skaper verdier for våre kundar og for oss – og som gjer oss i stand til å bli meir konkurransedyktige.

I 2016 klara vi å få til eit godt positivt driftsresultat i AT Skog. Dette skjedde samtidig som at vi fekk auka prisane noko i ein skjerpa konkurranse. Konkurransen har sett samvirkeprinsippa våre på prøve, og det er forskjell på pris innanfor vår geografi avhengig av transportavstand. Men vi har samstundes klart å gje alle ein fordel av at vi i fellesskap samlar eit stort volum. Det er eit mål å halde forskjellane låge. AT Skog har i dag eit tilbud for skogeigarane i heile AT Skogs geografi, som opplevast som konkurransedyktig. Marknadsandelen vår er stabil rett under 80 % for heile geografien. Det trur eg er eit bra nivå – sjølv om vi alltid skal strekke oss lenger.

Vi er altså stadig i endring. Vi utviklar samvirket gjennom mange bevisste valg. Det har vi også gjort i 2016. Eg skal nevne nokre døme:

Vårt gode samarbeid med Viken gir resultat. Etableringa av Viken AT Market har vore veldig viktig for utviklinga av vår konkurransekraft. Vi har blitt ein meir profesjonell aktør for utanlandske kundar. Vi samlar i fellesskap eit større

volum og oppnår betre vilkår i marknaden. Eigarskapet i SB Skog er òg ein del av denne utviklinga.

Vår innsats for å utvikle verdikjeda har ikkje kome utan motstand. Vi har mellom anna møtt betydeleg motstand i konkurransetilsynet det siste året. Norske konkurransemyndigheitar har hatt ei oppfatning om at den norske tømmermarknaden ikkje er internasjonal. At prisnivået på tømmeret i Norge ikkje vert påverka av prisnivået i Norden og Europa. Dette har lagt store hinder i vegen for ei nødvendig utvikling. Men vi har kome rimeleg bra i mål likevel. Det vart eit vendepunkt då regjeringa i si eiga skogmelding slo fast at marknaden for tømmer er ein del av ein open internasjonal konkurranse.

Eit anna døme er vår langsiktige og systematiske oppbygging av logistikkløysingar på terminalar og kaier. Kaiene våre er svært viktige. Vi driv med låge kostnader og kan tilby fleksibilitet til våre kundar, samstundes som det også gir oss skogeigarar fleksibilitet og fleire kundar å spille på. Langsiktig satsing på infrastruktur, har vore heilt avgjerande for å sikre avsetning i heile AT Skog sin geografi.

Eit tredje døme er den utviklinga vi har hatt i eigen organisasjon. Vi har i dag ein proff gjeng med gode digitale verktøy. Dei er fleksible og har fått ein heilt anna styring på produksjonen. Det er grunn til å gje Anders og hans administrasjon ein stor honnør for den jobben som er gjort.

Så kva betyr dette for vår arbeid framover? Tømmerprisen i AT Skog har vore for låg – og lågare enn andre stader i landet. Våre kjøperar har utnytta at det

har vore færre industrikundar i vårt område. Store transportkostnader har lagt beslag på mykje av tømmerverdien.

Transportkostnadane jobbar vi systematisk med, men her er det særleg dårleg vegstandard og mangelen på lokal massevirkeindustri som slår ut. Når det gjeld sagtømmer har det vore avgjerande å få opp alternativ i marknaden. Det er uakseptabelt at tømmeret frå AT Skog skal betalast med ein lågare pris enn det våre konkurrentar får. Særleg når vi enkelte stader står for brorparten av forsyninga. Her har vi gjennom systematisk marknadsarbeid og tøffe forhandlingar klart å heve nivået. Det gir ein meir rettferdig pris til skogeigar og sikrar vår samla konkurransekraft.

AT Skog er opptatt av å sikre og utvikle ein norsk treforbrukande industri. Men det kan ikkje vere slik at vi skal subsidiere denne med billig tømmer. Norsk industri må ha ein produktivitet, som gjer at dei er konkurransedyktige. La meg likevel understreke at vi har mange framtidsretta og dyktige industriaktørar i Norge. Vår intensjon er å vere den beste leverandøren til våre kundar nasjonalt og vårt primære mål er å ha ein lønsam norsk industri, som kan nytte alt det volumet vi produserar av tømmer her i landet.

Det jobbar vi for kvar dag – både direkte og indirekte næringspolitisk. Få andre organisasjonar i skognæringa legg ned like stor innsats næringspolitisk som skogeigarsamvirket. Som vi skal få høyre seinare i dag gir det resultat som kjem heile verdikjeda til gode.

Alt i alt – vi er inne i ein god utvikling for AT Skog. Vi har rusta oss med gode grep og solide alliansar. Vi har auka produktiviteten og driv økonomisk bra. Framtidsutsiktene er gode.

MEN – vi ser også nokre store utfordringar.

La meg samanfatte dette i tre hovedpunkt:

- Det investerast relativt sett lite i norsk treforbrukande industri
- Skog som næring betyr mindre for fleire – kva gjer det med interessa, kompetansen og dei langsiktige investeringane vi treng i skogen
- Råderetten for oss grunneigerar er under press. Samfunnet legg stadig restriksjonar på korleis vi kan utøve vår næring.

Fyrst litt om norsk industriutvikling – i det grønne skiftet. For det er lite som skulle ligge betre til rette i Norge i dag enn satsing på trebrukande industri.

Skog bidreg som ein av få råvarer positivt til å redusere global oppvarming. Skog er karbonnøytralt og trebruk i bygg er faktisk CO2 lagring i praksis. Svensk og finsk industri investerer for harde livet. Nær 50 milliardar kroner skal investerast i ny industri innan 2020. Etterspørselen etter tømmer og fiber vil gå opp.

I Norge har vi berekna at ein bare i 2015 tapa nær 400 millionar kroner i fyrstehandsverdi på tømmer og flis grunna nedlegging av norsk industri. 400 millionar kroner!!

Dei tre siste stortingsvala i Norge har vore prega av industrinedlegging i skogindustrien. Fyrst UNION her i 2005. Så Follum i 2009. Dernest Tofte i 2013. Forrige veke var media fulle av omtale om dei utfordringane eit sterkt gjeldstynga Norske Skog står midt i. Vi kan konstatere at norske styresmakter ikkje har makta å gjere nevneverdig innsats for å redde skogindustrien i Norge.

Det har ikkje mangla på fagre ord, men i realiteten har dette hatt liten effekt. Så kan ein godt sei at vi skogeigarar heller ikkje har klart å gjere så mykje.

Vel – det er ikkje heilt riktig. Skogeigarane i Norge har kjempa ein hard kamp for å berge norsk massevirkeindustri og til dels satsa – og tapa – stor ressursar på dette. Derneft har vi tatt tak i ein av dei viktigaste bedriftene – Moelven – og sikra den norsk strategisk eigarskap. Vi har lagt ned store ressursar i å bygge opp alternativ avsetning i fjernvarme og bio. Vi er aktivt med i utviklingsprosjekt slik vi ser med blant anna biokarbon i Eydenettverket. Vi jobbar svært aktivt politisk for å sikre rammevilkår, som kan danne grunnlag for ny industri.

Og det skjer ting. Vedtak om innblanding av biodrivstoff, som kom i haust, har generert mange prosjekt, bla. Biozin her i eigen region. Trebruket aukar og skaper grunnlag for investeringar og utvikling. Dei store industriaktørane, som Bergene Holm, Moelven, Norske Skog og Borregaard, har alle dei siste åra gjort betydelege investeringar, som bidreg til modernisering og betra konkurransekraft. Det er viktig at vi heiar på alle desse initiativa. Men det er likevel ikkje til å unngå at store mengder tømmer og flis blir eksportert ut av landet. Det tapar alle på – både vi skogeigarar og samfunnet i form av tapt verdiskaping og sysselsetting.

Kan det grønne skiftet skape grunnlag for denne type industri i Norge igjen. Kan vi snu utviklinga? Les ein alle rapportane om bioøkonomi, grøn konkurransekraft, skogmeldinga og industrimeldinga som har kome det siste året, er det lov å vere optimist. Men neppe utan at vi som skogeigarar er aktive med.

–

Og kva med framtidsskogen i dette biletet? Korleis sikrar vi ein ressurs som faktisk er lønsam og godt driven. Det er veldig gledeleg at vi no ser at lagra for planter går tom. Det er stor aktivitet for å forynge skog. Men førebels heng vi etter med ungskogpleie og tynning.

Eg havnar ofte i ein diskusjon om tømmerpris før og no. Og det er ingen tvil – tømmerprisen – kroner per kubikk – er lågare no enn for 30 år sidan. Men kva skaper lønsemd – kva er viktig for oss skogeigerar? Vi eig ikkje fyrst og fremst mange tre – men vi eig skogsmark i form av areal. Vi har eit produksjonsgrunnlag – ein produktiv skog. Lønsemd bør reknast som avkastning per dekar – ikkje kroner per kubikk. Kva eg får ut av eit dekar produktiv skog, er veldig avhengig av kva eg gjer der. Kan eg få omløpet kortast mogleg ved å plante tidleg? Kan eg auke volum per dekar ved å plante tett og drive ungskogpleie? Kan eg få betre kvalitet gjennom ungskogpleie og skjøtsel? Kan eg få lågare driftskostnader ved hogst med ein skjøtta skog med rett treantall? Og kva med vegar – kan eg få lågare driftskostnader dersom transportavstand frå skog til veg er kortast mogleg?

Alle desse spørsmåla påverkar lønsemda. Er vi flinke nok til å fokusere på dette? Eg trur vi har litt å gå på... Vi har rimeleg gode ordningar, som gjer det gunstig å investere i framtidsskogen. Skogfond med skattefordel er, saman med tilskot, med på å lette byrda for ei langsiktig investering. Kanskje manglar det kunnskap eller interesse?

Eg trur det blir veldig viktig for AT Skog at vi også kan tilby hjelp til god forvaltning for våre eigarar i framtida. Dette har styret hatt stort fokus på det siste året og det vil kome konkrete tjenester knytt til dette. Vi må ta inn over oss at skogeigaren i dag er ulik den vi hadde for 30 år sidan. Vi må legge til rette for at ein kan drive eit fagleg godt skogbruk sjølv om ein ikkje kan eller vil gjere alle oppgåvene sjølv. Ikkje bare fordi det er viktig for å sikre god produksjon og tilgang på råstoff – men fordi det er lønsamt. Lønsamt for våre eigarar – og med på å bygge verdi på lengre sikt. Det er ein viktig del av vårt oppdrag.

Når det er sagt vil eg slå eit slag for den aktive skogeigaren. Kulturberaren – praktikaren – motorsagføraren! At vi har skogeigarar, som har skogen som ein del av si næringsinntekt, er viktig. Men det er plass til begge grupper – og kunnskapen og engasjementet for skogens sak deler vi i fellesskap. AT Skog og Skogeigarsamvirket har vore aktive for å behalde konsesjonslovverket i Norge, som sikrar eit personleg eigarskap til jord og skog. Vi har vore positive til endringar, som mjukar opp regelverket og gjer det lettare for dei som ønskjer det å kjøpe seg landbrukseigedomar. Men vi meiner det er viktig at ressursane eigast av personar og forvaltas lokalt. Nettopp dette er ein av kjernene i skogeigarsamvirket og blir ein viktig del av utviklinga i AT Skog i åra som kjem. Personane – medlemmene – fellesskapet !

Det leder meg til mi siste utfordring – råderetten. Vi opplever mange restriksjonar på vår næringsverksemd – og mange meiner noko om korleis vi nyttar våre areal. Eg meiner ein sterk eigedsrett er ein av dei viktigaste forutsetningane for at vi skal ha ein langsiktig og fagleg god forvaltning av

skogareala i Norge. Motivasjonen for å investere for 2-3 generasjonar framover, heng tett saman med privat eigarskap.

Vi har frihet under ansvar. Egedomsrett er ein menneskerett har vi fått slått fast mellom anna i Tomtefestesaka. Likevel opplever vi at vår handlefrihet er under press. Vi må ta omsyn til samfunnet og særinteresser.

AT Skog skal kjempe for vår råderett. Eg trur vi gjer det best dersom vi er saklege og faglege i vårt påvirkningsarbeid, at vi viser at vi kan drive eit forsvarleg og godt skogbruk med god ressursutnyttelse og ikkje minst kan bidra til store samfunnsoppgåver. Når vi i tillegg kan bidra til å løyse problema med global oppvarming og klimaendringar, ligg mykje til rette.

—

Det er mykje meir eg kunne snakka om i ei slik oppsummering av status for næringa og AT Skog. Vi har mange utfordringar og vi vil måtte møte desse aktivt framover. Eg vil likevel sei eg opplever at næringa er på veg ut av ein bølgedal. Dei nevnte nedleggelsane av industribedrifter har skapt eit inntrykk at vi er ei solnedgangsnæring. Botn kom etter Tofte i 2013. Men så har det snudd. Vi har rekordhøg bruk av tre i bygg og interessa er aukande. Vi ser nye måtar å bruke treråstoffet på i bioøkonomien – til materialar, fôr, mat, kjemikaliar. Lista er lang. Mange nye initiativ er i gang for ny foredling – også her i Norge. Skog blir peka på som ei strategisk viktig næring – seinast ved stortingets handsaming av skogmeldinga no i januar.

Målet framover blir: Hogst opp mot berekraftig nivå – vesentleg auke i skogkultur og planting – større del av tømmerforedling i vår geografi – betre

arealavkastning og ingen ytterlegare innskrenkning av råderetten. Det er vår ambisjon – eg håpar mange blir med oss!

AT Skog skal ta ein aktiv rolle i denne utviklinga på veggen av oss alle. Vi er godt i gang. Vi har fått på plass gode strategiske samarbeid. Vi har trimma organisasjonen. Vi har bygd kompetanse. Vi har utvikla marknaden. Vi har dyktige medarbeidarar, flinke fagfolk i skogen og ikkje minst ein stor og levande organisasjon.

Eg vil nytte høvet til å takke alle for innsatsen – både tilsette og tillitsvalde.

Det er opp til oss – takk for oppmerksomheten!

Olav Veum

Skien 4. mai 2017.